


Pan

Ein omstridd mann

☛ Knut Hamsun (1859–1952) var ein omstridd mann, både som forfattar, kritikar og samfunnsaktør. Han skreiv nokre av dei mest elskta klassikarane i norsk litteratur. Men samstundes hadde Hamsun tydelege sympatiar for ein av dei mest menneskefiendslege ideologiane på 1900-talet – nazismen. Hamsun er derfor ein person det er vanskeleg å vere likegyldig til. Det storma rundt han mens han levde, og det stormar til tider rundt han også i dag.

Oppvekst

☛ Knut Hamsun, eller Knud Pedersen som han vart døypt, var fødd i Gudbrandsdalen i 1859. Da han var tre år, flytte familien til garden Hamsund på Hamarøy i Nordland. Etter konfirmasjonen arbeidde han først som butikkekspeditor, deretter levde han i fleire år eit nokså omflakkande liv.



USA-opphald

☛ I 1880-åra budde Hamsun i lengre tid i USA og livnærte seg av ulike strøjobbar. I utgangspunktet var han fascinert av amerikanske idear om likskap og fridom, men da han kom heim frå USA, var han utan illusjonar. USA var øydelagt av kapitalismen, meinte han. Det var pengane som styrte, ikkje folket. I 1889 gav han ut *Fra det moderne Amerikas Aandsliv*, ei samling tekstar der han nettopp kritiserte levesettet, politikken og verdiane til amerikanarane. I boka viser han også sterke sympatiar for *anarkistiske* tankar.



Hamsun som sporvognskonduktør i Chicago under det første opphaldet sitt i USA i 1884.

Mot modernisering og demokrati

☛ For Hamsun kom USA – og etter kvart England – til å representere ein kultur han avskydde. Hamsun reagerte sterkt på den britiske imperialismen, og motviljen mot England vart styrkt under boarkrigen (1899–1902), der britane brutalt nedkjempa boarane i Sør-Afrika for å sikre seg retten til gull- og diamantførekomstar. Hamsun vart òg meir og meir kritisk til moderniseringa av samfunnet i det heile, og han hadde ikkje mykje til overs for folkestyret. I staden dyrka han naturen og det gamle bondesamfunnet, og han ville finne tilbake til førmoderne og førindustrielle verdier.

Beundring for Tyskland

☛ Det fanst likevel ein nasjon som representerte eit åndsliv og eit samfunnsyn Hamsun kunne identifisere seg med: Tyskland. I hans auge var Tyskland ein ung nasjon med framtida framfor seg. Og

tyskarane tok vel imot Hamsun også. For eksempel kom romanen *Sult* ut på tysk alt i 1891, berre eitt år etter den norske utgåva. Hamsun fekk etter kvart eit stort og trufast tysk publikum.

☛ Da nazistane kom til makta i Tyskland i 1933, var Hamsun alt ein gammal mann på over sytti år. Samfunnssynet og verdiane hans samsvara mykje med ideane til nazistane. Han støtta Tyskland offentleg, også etter at tyskarane hadde invadert Noreg i 1940. Etter Hitlers sjølv mord i 1945 skreiv han jamvel ein rosande nekrolog om diktatoren.



Knut Hamsun blir motteken på Fornebu av rikskommissær Josef Terboven i 1943.



Knut Hamsun 85 år (Filmavisen). Glimt frå garden Nørholm ved Grimstad og frå feiringa som den tyske okkupasjonsmakta hadde av diktarhovdingen.



Radiointervju med Knut Hamsun i 1941



☛ Støtta til nazismen skapte store problem for Hamsun personleg og for ryktet hans som forfattar. Etter krigen vart han stilt for retten og dømd til å betale ei veldig bot. I tillegg fekk han diagnosen «varig svekkede sjelsevner». Hamsun endra aldri syn, og da han døyde i 1952, var han på mange måtar ein hata mann. Røynslene frå krigen var vonde for mange, og det var forkasteleg å ha hatt sympatiar med nazismen.

Hamsun i dag

☛ Også i dag kastar Hamsuns politiske haldning skuggar over forfattarskapen, slik at Hamsun som person – og symbol – kallar fram vonde kjensler. I 2009 feira vi Hamsun-året i Noreg. Da var det 150 år sidan han vart fødd. Det var ikkje heilt ukontroversielt at representantar for kongefamilien var med på den offisielle opninga av jubileet, trass i at dei presiserte at det var *forfattaren* og ikkje mennesket Knut Hamsun dei heidra.

Modernist, nyromantisk og nyrealist

☞ Hamsun debuterte i 1877 med fortellingen *Den Gaadefulde*. Ingen av dei tidlege skjønnlitterære verka hans vart nokon stor suksess, men med romanen *Sult* i 1890 kom gjennombrøtet. Frå no av byrja forfattarskapen hans verkeleg å setje spor etter seg.

☞ Tidleg i 1890-åra tok Hamsun aktivt del i debatten om norsk litteratur. Han markerte seg ved å kritisere Ibsen og dei andre realistiske forfattarane og hevda at personane i verka deira var typar, ikkje individ. Hamsun ville ha ein moderne litteratur som handla om nettopp enkeltmennesket, og som avslørte «sælsomme Nervevirkosomheder, Blodets Hvisken, Benpibernes Bøn, hele det ubevidste



Den 15 år gamle skuleeleven Ragnhild Wigdahl har laga denne teikneserien medutgangspunkt i novella Ringen av Knut Hamsun.

Sjæleliv». Og Hamsun levde opp til sitt eige krav. Gjennom verka sine frå 1890-åra, *Sult*, *Mysterier* (1892), *Pan* (1894) og *Victoria* (1898), var han med på å introdusere både *nyromantikken* og *modernismen* i Noreg.

☞ Det kan derfor verke som eit paradoks at han etter 1905 også medverka til å introdusere ei ny realistisk bølge i norsk litteratur. Romanar som *Markens Grøde* (1917), *Landstrykere* (1927) og *August* (1930) høyrer til dei mest sentrale verka frå den epoken vi kallar nyrealismen.

☞ Hamsun skreiv tekstar i mange ulike sjangrar: romanar, skodespel, dikt, essay, artiklar og brev. Men det er romanane hans som blir mest lesne i dag. Han avslutta forfattarskapen sin i 1949, 90 år gammal, med *Paa gjengrodde Stier*. I denne boka forsvara han mellom anna det han gjorde under den andre verdskrigen. Det boka i alle høve beviste, var at den nesten døde og halvt blinde mannen framleis hadde sjelsevne intakte.

Sult – den modernistiske livskjensla



Det einsame mennesket

i ☞ Gjennombrotsromanen *Sult* er ein av dei første modernistiske romanane i verdslitteraturen. Hovudper-

sonen i boka, ein namnlaus eg-person, vandrar rundt i gatene i Kristiania. Han er blakk og arbeidslaus og prøver heile tida å skrive ulike tekstar. Svolten gjer at han har eit ustabil kjensleliv, der vegen frå intens glede til djupaste fortvilning ofte er kort. Vi får ikkje vite noko som kan knyte han til ein konkret stad eller ei bestemt gruppe. Det er enkeltmennesket vi møter, framandgjort og einsamt i verda. Hamsun skildrar her den såkalla *modernistiske livskjensla*.

Eg-roman

☞ Også skrivestilen til Hamsun varslar noko nytt i norsk litteratur. *Sult* er den første moderne norske eg-romanen. Hovudpersonen i boka er også forteljaren, og framstillinga er sterkt farga av dei vekslende sinnstilstandane hans. Mykje av handlinga går rett og slett føre seg inne i hovudet på eg-forteljaren, og tankane hans, ofte skiftande og irrasjonelle, pre-

gar teksten. Hamsun gir her ein forsmak på den forteljemåten vi kallar *stream of consciousness*, «medvitsstraum» – ein teknikk som skulle bli mykje brukt i den høgmodernistiske perioden på 1900-talet.

☞ Romanen har lite ytre handling, og Hamsun bryt med idealet om ei utvikling av handlinga eller av karakteren. *Sult* er ingen psykologisk utviklingsroman, men eit djupdykk i psyken til eit moderne menneske.

Pan – den nyromantiske helten

☞ Hamsuns roman *Pan* frå 1894 er eit sentralt verk i den nyromantiske perioden.

🔊 Hovudpersonen i boka er løytnant Thomas Glahn. Vi møter han «en nordlandssommer» i 1855. Glahn leiger ei jakthytte og bur der i lag med hunden sin, Esop. Han er ein typisk nyromantisk helt, rastlaus, kjenslevar og irrasjonell. Han søker ro i naturen fordi han ikkje kjenner seg heime i sivilisasjonen og det moderne bylivet.

☞ Men ikkje langt frå hytta ligg tettstaden Sirilund. Her bur mellom anna Edvarda, dotter til den rike handelsmannen Mack. Glahn blir forelska i Edvarda, men to faktorar gjer kjærleiken deira umogleg: Edvarda er like kjenslevar og irrasjonell



som Glahn, og ho representerer det siviliserte livet som Glahn ikkje meistarar. Glahn finn erotisk trøyst hos to andre kvinner, men romanen endar tragisk. I ein epilog datert 1861 får vi vite at Glahn dør. Han har levd eit sjølvdestruktivt liv ein stad i Afrika og blir skoten i ei «jaktulykke».

☞ *Pan* er både eit portrett av eit «nervemenneske», ei kjærleikshistorie og ei forteljing om konflikten mellom kultur og natur, det «opphevlege» mennesket og det siviliserte. Tematikken er typisk for nyromantikken.

☞ Også dei mytiske skildringane i teksten er typiske for perioden. Sentralt i romanen står sjølvsagt myten om den greske skogguden Pan. Pan er stadig på jakt etter dyr og vakre nymfer, og han er kjend for sitt erotiske begjær. Glahn høyrer heime i skogen, på same måten

som Pan. Og nett som Pan er også Glahn driven av eit sterkt erotisk begjær. I romanen er Glahn involvert i tre ulike kvinner – Edvarda, Eva og gjetarjenta Henriette. Dei fyller ulike roller, utan at nokon av dei blir den eine idealkvinna hans.



Språk og forteljemåte i *Pan*

Prosalyrisk stil

☞ Framstillinga i *Pan* er prega av mange *prosalyriske* skildringar, det vil seie skildringar med sterke lyriske innslag. Særleg i avsnitt der Hamsun skildrar naturen og lét seg inspirere av mytar, nyttar han mange verkemiddel på ein måte vi er mest vane med frå lyrikken: rytme, allittera-

sjon, gjentakingar og biletbruk får ein dominerande funksjon. Dei framhevar den subjektive, sanslege og ekstatiske stemninga som hovudpersonen opplever i naturen. Nokre av dei vakraste avsnitta i romanen gjeld skildringane av nordlandssommaren, midnattssola, havet og skogen.

Eg-forteljing

☞ *Pan* er ei førstepersonsforteljing, med hovudpersonen Glahn som forteljar. Eg-



forma høver svært godt når forfattaren vil skildre «det ubevidste Sjøleliv» til ein person. Eg-forma gir lesaren direkte tilgang til tankane og kjenslene til forteljaren, slik at vi får med oss dei til tider irrasjonelle og brå endringane i sinnet hans.




Nyrealisme og nobelpris

☛ Tidleg på 1900-talet byrjar modernismen å slå gjennom som kunstretning i Europa. Både forfattarar, målarar og komponistar vart gradvis meir modernistiske i formspråket sitt. Men i Noreg går utviklinga i ei anna lei. Vi får eit nytt møte med ei meir realistisk uttrykksform i kunsten. Denne retninga har fått namnet *nyrealismen*.

☛ Knut Hamsun var ein av dei forfatarane som no endra skrivestil. Mens han i 1890-åra var ein av dei sterkaste kritikarane av realismen og kjempa for ein meir psykologisk litteratur, skriv han på 1900-talet fleire romanar i eit realistisk språk. Mest kjend av desse romanane er *Markens Grøde* frå 1917. Det er denne romanen som også gav han nobelprisen i litteratur i 1920.

☞ *Markens Grøde* er kalla «jordbrukets evangelium». Romanen forkynner ein bodskap om sjølvberging som ideal, og namna på mange av karakterane er henta frå Bibelen. Hovudpersonen i romanen er bonden Isak Sellanraa, ein handlekraftig slitar som byggjer opp garden sin frå grunnen av. Isak kjem seg fram i verda gjennom hardt arbeid, ikkje gjennom intellektuelle kvalitetar. Han blir òg verande tru mot levemåten han har valt, same kva som skjer rundt han.

☞ Vi kan seie at Hamsun her illustrerer konflikten mellom natur og sivilisasjon, som vi kjenner frå nyromantikken, på ein ny måte. I *Markens Grøde* vender han attende til ein meir realistisk forteljemåte, utan dei komplekse psykologiske portretta vi kjenner frå 1890-åra.



*Hamsun - Markens Grøde -
Brikt Jensen*



*NRK skole: Marie Hamsun fortel om
korleis det gjekk til da Knut Hamsun fekk
nobelprisen i Stockholm.*

